

Søknad

Søknadsnr.	2019-0086	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Meir bruk og foredling av regional trevirke; tresatsinga i Vestland fylke 2019 – 21 (kopi)			

Kort beskrivelse

Prosjektet vil styrke samarbeidet mellom aktørar i skog- og treforedlingsbransjen på Vestlandet, gjennomføre konkrete samlande tiltak der regionalt trevirke og innovative idear og løysingar vert løfta fram, meir bruk av regional trevirke, forlenga levetid av brukt trevirke, meir gjenbruk står i fokus. "Tredrivaren" og samarbeidspartnarane vil jobbe med arrangement, klimasmarte fjøs, kompetanseprogram og satsinga på bioenergi. Omsøkte midlar er svært tiltaksretta.

Prosjektbeskrivelse

Meir regionalt trevirke vert foredla av regionale aktørar til eit regionalt marknad. Prosjektet har fleire underprosjekt: Det interkommunale nettverket av kommunar skal tilføre kompetanse innan miljøvennleg byggeri og offentlege innkjøp. Skog- og treverksemd skal kartleggjast. Fleire arrangement - Bergennale 2019, frukostmøte 2020, BIWF 2020 - skal gjennomførast. Eit erfaringsseminar "Klimasmarte fjøs" skal arrangerast haust 2019. Små og mellomstore treforedlingsverksemd i vår region skal få eit kompetanseløft. Om det er potensial for meir bioenergi skal utgreiast. Ulike samarbeidspartnarar vil bidra til dei ulike tiltaka.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Fylkesmannen i Vestland Org.nr:974760665	Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER	99692302
Kontakt- person	Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER	41296550
Prosjekt- leder	Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER	41296550

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Støtte fra HNP i Hordaland Fylkeskommune og Innovativt treprogram i Innovasjon Norge

Spesifikasjon

Bakgrunn

Fylkesmannen sitt arbeid med ei satsinga på meir trebruk i vår region har etter kvart ei lang historie å sjå tilbake til. Fleire prosjektleiar med ulik bakgrunn og kunnskap har farga og styrt prosjektutviklinga i ønskt retning og med innhald og mål tilpassa dei politiske signala til ei kvar tid. Dette har gjeve resultat. Mange seminar og konferansar er gjennomførde, fleire bygg er reist og mange i byggebransjen og tiltakshavarane har fått augne opp for trebruk i bygg.

>2005 - Treseminarar kvart år, «Treforum», Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge, Hordaland Fylkeskommune og Bergen kommune, Granvin bruk

2005 – 2009 - "Tre i by" – Tresatsing i Bergen kommune vedteken, Fylkesmannen i Hordaland

2009 – 2012 - «Tre i sentrum», Etablering av det nasjonale tredrivarnettverket, Fylkesmannen i Hordaland (FM), Innovasjon Norge(IN), Hordaland Fylkeskommune og Bergen kommune

2008 - 2012 - "Biostigen", Felles prosjekt FM-MR og FM-SF

2013 - Treklang, eit samarbeid mellom FM, HiB, KHiB, Arna VGS, BAS, Husbanken og Bergen kommune

2012 – 2014 - «Tresatsing i Hordaland», FM og IN

2014 – 2016 - «Tresatsing i Hordaland II» - fokus på utbyggjarar og arkitektur, FM og IN

2016 – 2018 - Slow Wood – fokus på kommunale satsingar og fornybare materialar, FM, IN, Bergen kommune

2015 – 2017 - Tredrivarprosjekt i SFJ, hovudvekt på kunnskapsgrunnlag for skogindustri på Vestlandet, felles prosjekt FMSF + SFFK + INSF

I dag vert det drive aktivt skogbruk på mindre enn 15% av det produktive skogareal i Hordaland og Sogn og Fjordane, dvs. hovudsakleg granskogbruk. Mykje av hogsten vert eksportert til utlandet. Regional verdiskaping på grunnlag av lokale ressursar vert meir viktig framover når prisnivået i utlandet vert meir ujamt og vi må kalkulere med meir vindfall.

Fylkesmannen i Vestland har eit embetsoppdrag som definerer skog- og trebruk, men og bioenergi som viktige innsatsområde.

Prosjekt mål

Prosjektet vil styrke samarbeidet mellom aktørar i skog- og treforedlingsbransjen på Vestlandet, gjennomføre konkrete samlande tiltak der regionalt trevirke og innovative idear og løysingar vert løfta fram.

Meir bruk av regional trevirke, forlenga levetid av trevirke, meir gjenbruk vil stå i fokus. "Tredrivaren" og samarbeidspartnarane vil samle erfaringar og bygge nettverk rundt klimasmarte fjøs, bruk av tre innadørs og bioenergi.

Samarbeidspartnarane vil gjennomføre kurs, seminar og kompetanseprogram for kommunar, men og for verksemd i trebransjen.

Forankring

Fleire Stortingsmeldingar og embetsoppdraget til FM i Vestland

Verdiskapingsplanen 2014 - 2025 for Sogn og Fjordane:

Sogn og Fjordane skal auke lokal verdiskaping ved produksjon og foredling av mjølk, kjøt, frukt/bær og trevirke.

Landbruk - Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) og Temaplan for landbruk i Hordaland 2018–2022:

Det er viktig å leggje til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for tre, og sikre at Hordaland ikkje berre blir ein råvareeksportør. For å byggje meir i tre må kompetansen generelt aukast i heile verdikjeda, og spesielt hos handverkarar, ingeniørar, entreprenørar og arkitektur. Små sagbruk som samarbeider i nettverk og som skapar

nisjeprodukt, kan vere eit konsept tilpassa landbruksstrukturen på Vestlandet. Kystskogbruket har mål om 4-dobling av verdiskapinga innan 2045. Skogen, og biomasse frå skogen, har ei sentral rolle i bioøkonomien og det grønne skiftet. Veldig mykje av det som i dag vert produsert av olje vil kunne produserast av biomasse frå skogen, men ein treng meir forskning for å sikre økonomiske produksjonar og god produktutvikling.

Prosjektorganisering

Vi ønskjer å sette saman ei aktiv og engasjerande arbeidsgruppe for dette prosjektet. Møteforma vert så klimavennleg som mogleg og stort sett avvikla via Skype eller tilsvarande. Vi ønskjer å nytte korte, men hyppige møter og dokumentdeling slik at gruppa er oppdatert til ei kvar tid og har sjansen til å gje innspel undervegs.

- Åge Bremer – Innovasjon Norge
- Åsmund Bunkholt, Trefokus AS
- Heidi Bjønnes Larsen, Hordaland Fylkeskommune (framtidig Vestland Fylkeskommune)
- Kristin Arnestad, Sogn og Fjordane Fylkeskommune (framtidig Vestland Fylkeskommune)
- Tore Andre Sines, NHO - Innovative anskaffelser
- Maria Molden, byarkitekten i Bergen kommune
- Inger Marie Svingeset, Norsk Bygdesagforening
- Simon Wolff og Dirk Kohlmann, Fylkesmannen i Vestland

Samarbeidspartnere

Prosjektet, spesielt AP A, vert gjennomført i samarbeid med prosjektdeltakar Trefokus AS, v/Aasmund Bunkholt.

Kompetanseprogrammet for små og mellomstore sagbruk vert gjennomført i samarbeid med Norsk Bygdesagforening.

"Interkommunalt nettverk" føresett deltaking av kommunar.

Aktiviteter

AP A - Interkommunalt nettverksprosjekt

Målet med dette nettverksprosjektet er at kommunane får mogelegheita til utveksling av informasjon og erfaringar, fagleg støtte og tilgang på relevant kompetanse. Vidare at prosjektleiarane i kommunane får støtte i arbeidet offentlege innkjøp knytt til bygg, samt med søknadar til Miljødirektoratet (Klimasatsmidlar) eller Innovasjon Norge for å utgreie og realisere fleire bygningar med fokuset på miljø og berekraft.

No skal nettverket utvidast med fleire kommunar, spesielt i nord-delen av fylket vårt.

- Nettverket vil lage oversikt over framtida miljøvennlege prosjekt på Vestlandet (vise byggevolum)
- Kursa skal gjennomførast for tilsette i kommunen i samarbeid med Trefokus AS og Nasjonalt program for leverandørutvikling - Innovative anskaffelser.

Følgjande tema vert sett opp for å legge betre til rette for bruk av tre:

1. Planverket - bruk av planverket for å bidra til berekraftig byggeri
2. Offentlege innkjøp - bruk av offentlege innkjøp for å bidra til berekraftig byggeri, innovasjon og leverandørutvikling
3. Prosjektering - Entreprenør- og samspelsmodellar
4. Kommunale bygg - kva kan byggast i tre i dag? – prosjektdøme, miljøeigenskapar, kvalitetar og dokumentasjon

AP B – Kartlegging av nettverket knytt til bruk av meir tre i bygg, 2019 - 2021

I løpet av prosjektperioden ønskjer vi å kartlegge kven i kompetansmiljøa, forvaltninga og byggenæringa som jobbar i det daglege med oppgåver og prosjekt knytt til skog- og trebruk, kompetanse- og nettverksbygging, formidling, tilrettelegging og verdikjedetenking.

Dette må forankrast i nettverket «Treklang» og kan vere ein potensiell studentoppgåve, tilsvarande gjennomført i Trondheim.

AP C - Arrangement

Bergennale 2019

Med dette arrangementet ønskjer vi å gjere fleire produsentar av høgkvalitative, regionale produkt tilgjengelege for folk flest og funksjonell i dagleg bruk. Slik stimulerer vi til meir bruk av regionalt trevirke og i sterkare grad samarbeid mellom regionale verksemd og kompetansmiljøa. Samstundes styrker vi lenkja mellom designutvikling og produsent.

Om mogleg vil vi og sette fokus på gjenbruk og forlenging av levetida til brukte materialar. Seminaret vil informere om og vise fram regionale produsentar av innreiing i hus og lokal vyrke brukt til dette, dvs. seminar og showrom samstundes. Arrangementet er tenkt som eit første steg og grunnlag for å utvikle dette vidare både i prosjektet og utover. Sjå elles eigen prosjektskisse.

Frukostmøte 2019 eller 2020

På ein av dei tradisjonelle frukostmøta i samarbeid med Bergen kommune, Husbanken, Hordaland Fylkeskommune og kompetansmiljø ønskjer vi å fokusere på gjenbruk og forlenging av levetida til brukte (tre-)materialar, dette knytt til ombygging av hus eller interiør.

BIWF 2020

Fylkesmannen vil delta i arbeidsgruppa for Bergen International Wood Festival 2020 og gje tematiske innspel og vere ein medspelar ved gjennomføringa av festivalen.

AP D - Satsing på landbruksbygg – «Klimasmarte fjøs 2019»

I 2019 vil vi gjennomføre eit erfaringsseminar der vi vil presentere dei mest moderne og innovative løysingane for klimasmarte fjøs- og driftsbygningar i Noreg og døme frå Europa.

I forkant vil vi skaffe oss oversikt over potensielle løysingar, bygge nettverk mellom aktørar som jobbar med denne problematikken, t.d. Tine, Felleskjøpet, SINTEF, Senteret for klimaomstilling, Norsk Landbruksrådgiving, Bergen arkitektskole, Landkreditt, Cultura, bønder som har bygd klimavennlege fjøs (i tre) og bønder som er interessert i investere i nær framtid i nye driftsbygningar. Sjå eget prosjektnotat.

Delprosjektet kan også vere relevant for masterstudentar innanfor fagfeltet bygg og energi på Høgskolen i Bergen. Vi vil reklamere for IN si satsing på meir trebruk i fjøs og om det er interesse for det lage i samarbeid med IN, NLR og fleire eit rettleingshefte.

Om det kjem fram at det er gardseigarar som vil bygge nytt eller bygge om i tråd med dette prosjektet, vil vi følge opp nokre case frå ide til ferdig bygg i 2020 – 21.

AP E - Kompetanseprogram for små- og mellomstore verksemd, 2020 – 21

I samarbeid med Norsk Bygdesagforening og Kystskogbruket ønskjer vi å kome i kontakt med små og mellomstore verksemd i trebransjen på Vestlandet. Vi vil oppdatere oversikta over verksemda (vert gjennomført i regi av Norsk Bygdesagforening) og lokalisere behovet for kompetanse og samarbeid dei har. Delprosjektgruppa vil tilby relevante kurs senere i 2020/21.

Masterstudentar frå Bergen arkitektshøgskole vil gjennomføre ei kartlegging av små og mellomstore sagbruk gjennom ei masteroppgåve i tidsrommet 2019 – 20.

AP F – Bioenergi 2019 - 21

I prosjektperioden ønsker vi også å avklare potensialet for å ei auka satsing på trebasert bioenergi. Vi vil lokalisere potensielle aktørar og ha samtaler, møter med desse og Innovasjon Norge. Pågåande prosjekt vert fylgt opp i forhold til behov dei eventuelt måtte ha.

Målgrupper

Avhengig av prosjektdel er det ulike målgrupper:

AP A - kommunar

AP B - kompetansemiljøa, forvaltninga og byggenæringa

AP C - ålmenta, studenter, produsenter, forvaltninga

AP D - bønder, rådgjevarar, forvaltninga

AP E - små- og mellomstore sagbruk

AP F - potensielle aktørar

Resultat

- Utviding av det interkommunale nettverk med minst 4 kommunar i Hordaland og etablere eit nytt nettverk for kommunar i nord-delen av Vestland fylke (AP A)
- Å ha gjennomført fleire kurs i dei interkommunale nettverka for miljøvennleg byggeri (AP A)
- Oversikt over kompetansemiljøa, forvaltninga og byggenæringa knytt til trebruk i bygg (AP B)
- Arrangement med fokus på trebruk innandørs – golv, panel, møbler og innreiing frå regionale produsentar til regionale kundar (AP C)
- Fokus på landbruksbygg med potensial for bruk av meir lokal trevirke – «Klimasmarte fjøs 2019» (AP D)
- Tilby kompetansebygging for eit bedriftsnettverk av små og mellomstore sagbruk og treforedlingsverksemd i vår region (AP E)

Effekter

1. Prosjektet vil rette fokus på samarbeid mellom aktørar i skog- og treforedlingsbransjen på Vestlandet, på konkrete samlande tiltak der regionalt trevirke og vestlandseigna innovative idear og løysingar vert løfta fram.
2. Prosjektet vil jobbe berekraftig – langsiktig utvikling som skal styrke lokalsamfunn, sikre arbeidsplassar, bruken av naturressursar og økonomisk bereevne av den trebaserte næringa, løfte og informere om heilskaplege løysingar på gard, i bygd og by.
3. Meir bruk av regional trevirke, forlenga levetid av brukt trevirke, meir gjenbruk

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Administrasjon og prosjektleiing	700 000	700 000	700 000			2 100 000
AP A - Interkommunalt nettverksprosjekt	50 000	100 000	100 000			250 000
AP B – Kartlegging av nettverket, 2019 - 2021	25 000	25 000				50 000
AP C - Treseminar «Bergennale 2019»	100 000					100 000
AP C - BIWF 2020		60 000				60 000
AP C - Frukostmøte 2019 - 20		40 000				40 000
AP C - Seminar 2021			50 000			50 000
AP D - Satsing på landbruksbygg – Klimasmarte fjøs	100 000	50 000	50 000			200 000
AP E - Kompetanseprogram for verksemd		50 000	50 000			100 000
AP F – Bioenergi 2019 - 21	15 000	15 000	20 000			50 000
Sum kostnad	990 000	1 040 000	970 000			3 000 000

Alle tiltakspunkt (AP) inneholdt utgifter for reise, møter og eventuelt materiell. Direkte prosjektleiarkostnader vert ført under administrasjon.

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Fylkesmannen i Vestland - UTM	50 000	50 000	50 000			150 000
Fylkesmannen i Vestland, eigeninnsats	630 000	630 000	630 000			1 890 000
Innovasjon Norge	250 000	250 000	250 000			750 000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	20 000	20 000	20 000			60 000
Støtte fra Hordaland fylkeskommune	50 000	50 000	50 000			150 000
Sum finansiering	1 000 000	1 000 000	1 000 000			3 000 000

Geografi

1200-Hordaland, 1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Bergennale 2019 - erfaringsseminar.pdf	170 854	27.02.2019
Klimasmarte fjøs - erfaringsseminar 2019.pdf	235 325	27.02.2019
Tresatsinga i Vestland 2019 - 21.pdf	228 231	27.02.2019